

ÅRSMELDING 2015

for

ÅRDAL UTVIKLING

Org.nr: 841843932

30. driftsår

ÅRDAL UTVIKLING

Selskapet si verksemd

Hovudoppgåva til stiftinga Årdal Utvikling er tiltaksarbeid og næringsutvikling i Årdal kommune.

Årdal Utvikling har pr. 31.12.15 ein eigenkapital på kr. 367.275,-

Aksjar/grunnfondsbevis i andre selskap på kr 250.000,-

Årdal Utvikling har pr. 31.12.15 eit overskot på kr. 222.538,-

I løpet av hausten gjennomførde ein rullering av Strategisk Næringsplan for 2016-2019
I samband med dette arbeidet vart det vedteke ny handlingsplan med budsjett for 2016.

I tillegg har ein planlagt tung rullering av næringsplanen. Dette arbeidet skal starte opp tidleg på nyåret 2016. Arbeidet med å få på plass ein reiselivsstrategi starta også opp i 2015, og dette arbeidet er planlagt avslutta med framlegging av reiselivsstrategi i mai 2016.

Årdal fekk også ein nedgang i folketalet i 2015. Sjølv om nedgangen i industrien langt på veg har stoppa, og det er ein forsiktig optimisme tilstades, har likevel folketalet gått vidare ned i Årdal. Vi ser forsiktige teikn på at industribedriftene no startar å rekruttere ny arbeidskraft att. Det er likevel ein trussel, når mykje av aktivitetsauken i industrien vert dekkja opp med innleigd utanlandsk arbeidskraft som vi ikkje ser att i innbyggartalet vårt. Dette kan resultere i at ein oppgang i industrien, ikkje vil føre til ein oppgang i folketalet. Også når det gjeld tal lærlinge plassar i industrien, er det god vekst. Dette er positivt, då ungdommen ser dei kan få fullført fagutdanninga si og ikkje minst også få seg arbeid etterpå. Det har også positive verknader for den vidaregåande skulen vår.

Handelen i Årdal auka også i 2015, effekten av det nye handelssenteret ser vi også i 2015 ved at handelen i Årdal aukar att etter fleire år med nedgang. Nye etableringar kjem også i 2016, der vi ny møbelbutikk i Årdal vil dekke opp ein bransje med stor handelslekkasje.

Den positive trenden som starta for mange bransjar i slutten av 2014, ser vi også held fram i gjennom heile 2015. Vi trur denne positive utviklinga vil halde fram og styrke seg ytterlegare i 2016.

Årdal Utvikling har fokusert spesielt på følgjande prosjekt:

- Arbeidet med å utvikle eit bedriftscluster knytt til tenesteyting og helse, har også hatt prioritet i 2015. Konkret arbeider ÅU med eit prosjekt som vi trur vert realisert i 2016. Dette prosjektet vil gi nye 55 arbeidsplassar i Årdal. Det har også vore jobba med strategiutvikling for å sjå på eit samarbeid mellom reiseliv og helse med naturen som grunnlag.

- Norsun og Hydro har mange og interessante utviklingsprosjekt som både direkte og indirekte vil ha positive verknader for Årdal. Begge bedriftene leverer gode tal økonomisk, og er heilt klart i posisjon til å utvikle seg vidare i lokalsamfunnet. Dei store prosjekta let vente på seg, men mange mindre prosjekt er også viktige for lokalsamfunnet.
- Også i 2015 har det vore arbeida mykje med å posisjonere Årdal som eit naturleg val for ei framtidsretta satsing frå Hydro si side. Det blir jobba hardt for å få Hydro til å satse i Årdal, og det mest realistiske steget i dag er ei utviding av karbonfabrikken på Årdalstangen.
- Det har vore arbeida intenst med å posisjonere utvalde bedrifter inn mot nasjonale forskingsprogram, for å få til ei naudsynt teknologiutvikling. Arbeidt med å posisjonere Årdal som eit teknologiknutepunkt held fram, og vi har tru på at dette arbeidet og vil konkretisere seg i etablering av nye teknologibedrifter i kommunen i dei kommande åra. Ein viktig føresetnad for ei slik satsing, vil vere Hydro og Norsun si deltaking gjennom sine utviklings- og teknologiprojekt. Ei avklaring om å få til ei konkret satsing på kompetanseutvikling vil bli avklart i løpet av 2016/2017.
- Reiseliv og besøksnæringane har også hatt fokus i 2015. Årdal Utvikling har arbeida målretta mot dei største bedriftene i næringen, for å sikre at dei er posisjonert økonomisk for vidare vekst og utvikling. Vi trur at desse næringane vil kunne få ein fin vekst i åra som kjem, og vi vil sjå eit utvikling innan reiseliv, handel og servering som vil vere positivt for både besøkande og fastbuande i kommunen. I 2015 er ein komen langt med å konkretisere ei retning innan utviklinga av denne bransjen. Strategien vil bli endeleg vedteken i 2016.

Årdal Utvikling har nytta midlane slik i 2015:

Årdal Utvikling nyttar midlane på tre hovudområder:

- Drift av ÅU
- Arbeide fram grunnlagsinformasjon/analysar for utvikling av næringslivet
- Utvikle lokale bedrifter og arbeide for at nye bedrifter etablerer seg i kommunen

Drifta av ÅU er no nede på eit minimum, då ÅU over tid har redusert tal tilsette frå 5 til 2. Dette er i samsvar med nedgangen i dei økonomiske rammevilkåra. Sjølv om Årdal kommune framleis yter store midlar til næringsutviklinga, så er det likevel slik at Årdal ikkje lenger er mellom dei kommunane som yter mest til næringsutviklinga i Sogn.

Arbeidet ÅU gjer er definert i SNP 2015 – 2018 og Handlingsplanen 2015.

Kommunedelplanen vert rullert kvart år, og vedteken av Årdal kommunestyre. ÅU har utarbeida framlegg om at kommunedelplanen skal gjennom ei tung rullering i 2016. Dette vart vedteke i kommunestyret desember 2015.

Analysar/grunnlagsinformasjon:

Bransjeanalysar – grunnlag næringsprosjekt	151 000
Norsun utvikling	151 000
Diverse rapportar	71 200
Rapport kvalitet innan handel og service	61 000
Juridisk bistand - ulike prosjekt	39800
Eksterne konsulent vurderingar ulike prosjekt	154 100
Telemarkforskning/ÅLØP	98 000
Sum	718100

Oversyn over tilsegn i 2015:

ÅU har gjeve til saman kr 830.000,00 i bedriftstilskot til etableringar i kommunen. Totale tilsegner inkludert analysar er då for 2015 kr 1.548.000,-

Samansetjing av styret

Desse har vore med i styret i 2015:

Styremedlemer

Arild Ingar Læg Reid (styreleiar)
John Normann Melheim (nestleiar)
Vidar Øygard
Martine Holsæter
Line Moen

Personlege varamedlemer

Marie Helene Brandsdal
Glenn Morten Hestetun
Oddny Karin Børtnes
Erling Offerdal
Yvonne Romøren

Styret har hatt 6 ordinære styremøte. I desse møta har styret handsama 43 saker.

Administrasjon

Årdal Utvikling har i 2015 hatt 2 tilsette.

Løn /honorar

Det er utbetalt kr. 24.060,- i styrehonorar og kr. 41.250,- i revisjonshonorar.

Arbeidsmiljø

Det er ikkje registrert skader eller ulykker på arbeidsplassen i 2015. Selskapet fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lover og reglar. Det er etter styret si meining god trivsel og eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen.

Likestilling

I 2015 var 50 % av dei tilsette kvinner. I styret er 40% av medlemmane kvinner. Selskapet driv etter styret si vurdering ikkje i strid med lov om likestilling mellom kjønna.

Ytre Miljø

Selskapet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Framleis drift

Styret meiner å kunna dokumentera at det er grunnlag for framleis drift i selskapet. Dette er lagt til grunn i arbeidet med årsmelding og rekneskap for år 2015

ØKONOMISKE YTINGAR TIL NÆRINGSUTVIKLING I ÅRDAL.

Næringsretta tiltak - Årdal Utvikling

Årdal Utvikling har nytta kr. 1.548.100,00 til utvikling av lokalt næringsliv og næringsretta prosjekt i 2015.

Tilsegn om lån/tilskot – Innovasjon Norge - Fylkeskommunen

Det er gjort vedtak om fylgjande løyvingar i 2015:

- | | | |
|--|-----|--------------|
| 1) Innovasjon Norge -Bedriftsutviklingstilskot | kr. | 150.000,00 |
| 2) - BU midlar | kr. | 149.000,00 |
| 3) Fylkeskommunen - Omstillingsmidlar inntil | kr. | 1.000.000,00 |

Årdalstangen, 27.04.2016


Marie Helene H. Brandsdal


Arild Ingar Læg Reid


Anne Kauppi


Kurt Jevnaker


Jarle Teigen